# KULTURMIDLAR SKJÅK
# 2018
## Søknadsfrist 20. april

**Opplysningar om søkjaren:**

Lag/organisasjon:..........................................................................................................

Leiar..................................................Adresse:............................................Tlf.:........................

Kasserar...........................................Adresse:..............................................Tlf.:........................

Bankkontonr.:...........................................  Medlemstal:.................

Bankinnskot 31.12.17: Kr................... .  Eigenkapital: 31.12.17: Kr......................

Resultat rekneskap 2017:……………… .  Gjeld: 31.12.17:……………………………..

**Formålet med verksemda:**

Kva slags aldersgrupper er verksemda retta mot?..................................................................

**Aktivitet/årsmelding 2017:**

**Planar for 2018:**:

*Merk: Det er høve til å klage på vedtak.*

**Dato**:.....................................

**Underskrift**:.........................................................................................

***Send søknad til Skjåk kommune, Servicetorget, Moavegen 30, 2690 Skjåk***.

# SKJÅK KOMMUNE - RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL KULTURARBEID.

## 1.Ansvarleg for tildeling.

Kultur- og oppvekstutvalet er det ansvarlege organ i Skjåk kommune for tildeling av kulturmidlar.

## 2.Prioritering/vektlegging.

For tildeling skal følgjande leggjast til grunn:

* Den kulturpolitiske målsetjinga for Skjåk kommune skal verke som ein overordna styringsreiskap under tildelinga
  Den kulturpolitiske målsetjinga vil til kvar tid liggje føre som eit vedteke dokument i etaten.
* Alle lovlege aktivitetar innanfor det utvida kulturomgrepet, med spesiell vekt på tiltak som fremjar den kulturpolitiske målsetjinga. Det vil bli lagt vekt på å prioritere aktivitetsskaping.
* Ved inndeling av folket i Skjåk i aldersgrupper skal følgjande prioritering leggjast til grunn: 1.Barn/ungdom. 2.Eldre. 3.Vaksne. Det skal leggjast særleg vekt på prioritering av gruppa barn/ungdom.

## 3.Tilskotsformer.

### Grunntilskot/driftstilskot.

Alle søkjarar som fell inn under punkt 2 vil vera sikra tildeling av eit årleg grunntilskot. Grunntilskotet skal vera like stort for alle. For å få tilskot må ein oppfylle krava om opplysningar som er lagt inn i søknadsskjema. Storleiken på grunntilskotet vert fastsett av kulturutvalet.

I tillegg til grunntilskot kan kulturutvalet vurdere tildeling av driftstilskot. Driftstilskotet kjem i tillegg til grunntilskotet. Dette vert tildelt på grunnlag av aktivitetsnivået hjå søkjaren. Tildeling av driftstilskot skjer på grunnlag av konkrete framlagde planar.

Til undergrupper av hovudorganisasjon blir grunntilskot og driftstilskot tildelt gjennom hovudorganisasjon. Tilskotet kan øyremerkast undergrupper.

Grunn- og driftstilskot blir slått saman og utbetalt i ein sum.

### Prosjekttilskot /garanti mot underskot.

Tilskot av denne type kan tildelast søkjarar som vil gjennomføre ein avgrensa aktivitet/arrangement. Her kan det og søkjast midlar frå andre enn dei som fell inn under det utvida kulturomgrepet. Det som vert vektlagt er at aktiviteten/arrangementet er av kulturell karakter.

**Prosjekttilskot** vert løyvd til klart avgrensa tiltak. Tiltaket må vere avgrensa både i aktivitet og i tid innanfor ei ramme. Det skal setjast opp ei klar målsetjing, leggjast ved kostnads- og finansieringsoversikt og leverast sluttrapport når tiltaket er avslutta.

**Garanti mot underskot** er meint som ei støtte til verksemder som vil lage til ymse tilstellingar innan kulturomgrepet, og som ut ifrå økonomiske tilhøve ikkje sjølve tør satse så mykje økonomisk på tiltaket. Her skal det leggjast fram budsjett og informasjon om arrangementet før handsaming.

### Faste tilskot.

Kulturutvalet kan opprette faste tilskotsordningar innan område som dei meiner skal ha ei heilt spesiell prioritering, Tre organisasjonar er prioriterte.